

Delegeringsreglement for Meland kommune

Gjeld delegering frå kommunestyret til rådmannen

1. INNLEIING

Omgrepet delegering tyder overføring av mynde (av latin *delegare*). Føremålet med å nytte delegering som verkty er dels å avlaste den som formelt innehar mynde, samt å gjere ulike avgjerdsprosessar enklare. Det organet som tildeler mynde held likevel sjølv på *kompetansen* (her: retten til å treffe avgjerd) og har også *ansvaret* for korleis det tildelte organet nyttar delegert mynde.

Lovgrunnlaget for delegering i kommunesektoren ligg i kommunelova. Kommunestyret er det øvste organet i kommunen og kan delegere mynde både til andre politiske organ og til rådmannen. Det er viktig å vere merksam at kommunelova set nokre "forbod" mot delegering. Desse har som kjenneteikn at lovteksten seier "kommunestyret sjølv."

I nokre få tilfelle går delegeringa direkte frå kommunestyret til enkeltinstansar. Døme på dette er delegering etter smittevernlova og barnevernslova.

I samsvar med kommunelova § 23 er rådmannen øvste leiar for den samla administrative organisasjon. Det er likevel opp til kommunestyret å avgjere kva mynde som skal delegerast til rådmannen. Prinsipielle saker skal ikkje delegerast. For at saksbehandlinga skal gli så greitt som mogleg er det difor viktig at ulike prinsippsspørsmål er avklarte og forankra i politisk vedtekne planar og strategiar.

2. MÅLSETJING

Delegeringsreglementet skal utgjere det sett av køyrereglar som trengst for å gi klare linjer i fordeling av ansvar, mynde og oppgåver mellom kommunestyret og rådmannen. Reglementet skal også leggje til rette for:

- Effektiv tenesteyting, forvaltning og administrasjon.
- Vedtaksmynde nær brukaren.
- Forsvarleg rettstryggleik for brukaren.
- Gode tilbakemeldingsrutinar mellom det organet som tildeler mynde (her: kommunestyret) og den som får tildelt mynde (her: rådmannen)

3. INNSTILLING I POLITISKE SAKER

Som hovudregel skal rådmannen leggje fram innstilling i saka for det politiske organet som skal fatte vedtak. Unntak vil vere reine politiske saker, som t.d. politisk organisering, val av medlemmer til råd og utval m.m.

4. SKILJET MELLOM PRINSIPIELLE OG IKKJE PRINSIPIELLE SAKER

Prinsipielle saker skal ikkje delegerast. Desse sakene vil vere kjenneteikna av at dei:

- Innleier ny praksis.
- Får følgjer for handsaming av liknande saker i framtida.
- Har store konsekvensar, anten på det økonomiske eller på andre område.
- Går ut over det som er nedfelt i politisk vedteke planverk og/eller andre styringsdokument.

Dersom det oppstår tvil om ei sak er prinsipiell eller ikkje, skal dette drøftast mellom rådmann og ordførar. Det er ordførar som til sist har ansvar for avgjere om ei sak er prinsipiell eller ikkje.

5. VIDAREDELEGERING

Rådmannen kan vidaredelegere mynde og oppgåver til andre i den administrative organisasjonen. Når rådmannen overfører fullmakta si til desse, har rådmannen framleis det formelle ansvar for avgjersla.

6. DELEGERING TIL RÅDMANNEN – ØKONOMI OG INNKJØP

- Budsjettregulering innanfor vedteken totalramme
- Oppgåver som er delegert gjennom Meland kommune sitt finansreglement:
 - Gjennomføre opptak av nye lån, inkl val av långevar og lånevilkår i samsvar med godkjenning/vedtak i kommunestyret
 - Underteikning av alle låneavtalar
 - Godkjenne rentevilkår i samsvar med finansreglement
 - Gjennomføre re-finansiering av eksisterande lån (ref. kommune lova/minimumsavdrag)
 - Godkjenne leasingavtalar i samsvar med budsjett
 - Ha ansvar for plassering av likvider i samsvar med finansreglement
 - Inngå avtaler om ekstern bistand i samband med forvaltning av kommunen sine likvider og generell finansiell rådgeving.
- Fråfall av pant for lån
- Prioritetsavvik
- Krav om konkurs
- Inngå rammeavtalar for innkjøp av varer og tenester i samsvar med budsjett
- Investeringsprosjekt: Når kommunestyret har gjort dei nødvendige prinsippvedtak i saka, har rådmannen fullmakt til å velje leverandør etter anbudsreglane og inngå entreprisekontrakt og teikne på tilhøyrande avtalar, kontraktar, eventuelle skøyte m.m

Dette er døme på ikkje-prinsipielle saker innan det aktuelle området og inga uttømmande liste. Tilbakemelding på gjennomførte vedtak etter delegering innan økonomiområdet skal meldast til formannskapet.

7. DELEGERING TIL RÅDMANNEN - PERSONALOMRÅDET

- Oppretting og nedlegging av stillingar innan vedteke budsjett
- Alle tilsetjingar unntatt tilsetjing av rådmann
- Oppseiing i stilling

- Omgjeriing av stillingsheimlar
- Alle permisjonar og andre avgjersler innan det personaladministrative området.
- Disponering av lønsmidlar innafor ramme
- Lokale lønsforhandlingar
- Godkjenning av alle A-rundskriv, bortsett frå godkjenning av sentralt lønsoppgjjer
- Oppretting av private avtaleheimlar for fastlege, fysioterapeut m.m innan vedteke budsjett
- Innleie av arbeidskraft
- Arbeidsmiljøutval – oppnemning og virkeområde (med verknad frå kommunestyreperioden 2015 – 2019)

Dette er døme på ikkje-prinsipielle saker innan det aktuelle området og inga uttømmende liste. Tilbakemelding på gjennomførte vedtak etter delegering innan personalområdet skal meldast til administrasjonsutvalet. Det er ein føresetnad at alle saker vert handsama i tråd med lov- og avtaleverk og at det partssamansette perspektivet er ivare tatt.

8. DELEGERING TIL RÅDMANNEN - LEVEKÅRSOMRÅDET

Rådmannen gjerd vedtak/sett i verk tiltak med heimel i følgjande særlover m/tilhøyrande forskrifter, med unntak av saker som vert handsama i Utval for levekår, formannskapet eller av kommunestyret sjølv.

- Lov om sosiale tjenester i NAV
- NAV-loven, inkl. å vedta avtale mellom kommunen og NAV
- Alkoholoven: Ambulerande skjenkeløyve og andre tilhøve som er delegert til rådmannen gjennom Alkoholpolitisk plan
- Serveringsloven
- Helse- og omsorgstjenesteloven m/forskrifter
- Folkehelseloven
- Lov om helsemessig og sosial beredskap
- Fullmakt til å inngå fastlegeavtale med allmennlege
- Fullmakt til å inngå driftsavtale med fysioterapeut
- Opplæringslova m/forskrifter
- Barnehageloven m/forskrifter
- Tildeling av støttemidlar til dei ikkje-kommunale barnehagane
- Innvilge skulegang i annan kommune
- Fri skuleskyss for enkeltelevar

Dette er døme på ikkje-prinsipielle saker innan det aktuelle området og inga uttømmende liste. Tilbakemelding på gjennomførte vedtak etter delegering innan levekårsområdet skal meldast til Utval for levekår (ULK). Unntak frå dette er enkeltvedtak på tildeling av tenester

9. DELEGERING TIL RÅDMANNEN – DRIFT OG UTVIKLINGSOMRÅDET

Rådmannen gjerd vedtak/sett i verk tiltak med heimel i følgjande særlover m/tilhøyrande forskrifter, med unntak av saker som vert handsama i Utval for drift og utvikling, formannskapet eller av kommunestyret sjølv.

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om forebyggjande tilsyn
- Viltlova
- Innlandsfiske lova
- Lov om motorferdsel i utmark
- Naturmangfaldlova
- Friluftslova
- Jordlova
- Skogbrukslova
- Forpaktingslova
- Odelslova
- Konesjanslova unnateke sal/erverv av landbrukseigedom medrekna buplikt
- Plan- og bygningslova
- Nabolova
- Matrikkellova
- Eigarseksjonslova
- Stadnamnlova
- Veglova
- Vegtrafikklova
- Lov om hamner og farvatn
- Ureiningslova
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Drikkevassforskrifta
- Vassressurslova
- Husleigelova

Tilbakemelding på gjennomførte vedtak etter delegering innan drift- og utviklingsområdet skal meldast til Utval for drift og utvikling (UDU).

10. DELEGERING TIL RÅDMANNEN - YMSE OMRÅDE

- Utleige av kommunale bygg etter vedtekne retningslinjer.
- Fullmakt til å krevje offentleg påtale etter straffelova når det gjeld verdier eller interesser rådmannen forvaltar eller fører tilsyn med.
- Delegering av mynde til å fatte ikkje-prinsipielle enkeltvedtak omfattar også delegering av mynde til å fungere som underinstans i klagebehandlninga.
- Rådmannen er leiar av Kommunal kriseleiing (KKL)
- Rådmannen representerer Meland kommune i alle interkommunale råd og utval der det ikkje er politisk vald representasjon

Dette er døme på ikkje-prinsipielle saker og inga uttømmende liste. Tilbakemelding på gjennomførte vedtak skal meldast til formannskapet.

11. KLAGEBEHANDLING

Klage på enkeltvedtak fatta av rådmannen etter delegert mynde skal først leggjast fram for administrasjonen til ny vurdering. Dersom vedtaket vert oppretthalde, går klagen til den kommunale klagenemnda (formannskapet) for behandling. Dersom særlov har egne klagehandsamlingsreglar, går desse framfor.

12. REVISJON AV REGLEMENTET

Delegasjonsreglementet skal i samsvar med kommunelova § 39 nr 2 reviderast ein gong i kommunestyreperioden. Slik revisjon skal vere gjennomført innan 31.des året etter at kommunestyret vart konstituert.

Dette reglementet vart vedteke i kommunestyret 24.10.2012

